

Fra: Serigstad, Synnøve (synnove.serigstad@helse-vest.no)

Sendt: 15.12.2017 11:00:28

Til: Postboks, HBE, Postmottak Helse Bergen; Postboks, HFO, Postmottak; Postboks, HST, Postmottak Helse Stavanger; Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde; Postboks, HSR, Postmottak; Postboks, Haraldsplass, Administrasjonen; Postboks, OLA, Olaviken, Post; post@betanien.no; Postboks, SOL, Solli Sykehus, Postmottak; Postboks, BJO, Bjørkeli, Postmottak; Postboks, JDPS, Ant Postmottak

Kopi:

Emne: IS: Invitasjon til Helse vest sin Kvalitetskonferanse 2018

Vedlegg:

Til helseføretak og sjukehus i Helse Vest

Helse Vest sin årlege Kvalitetskonferanse (kvalitet, pasienttryggleik og helseregisterkonferanse) blir arrangert den 25. og 26. april 2018 på Hotel Scandic Maritim i Haugesund. Dette er ein viktig møteplass for alle dei som arbeider med pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og kvalitetsregister i Helse Vest. Tema for konferansen i 2018 er «Frå teori til praksis». Programmet for konferansen vil bli lagt ut på Helse Vest sine heimesider og på intranetta. Det er gratis å delta på konferansen. Inkludert er overnatting på hotellet mellom 25. og 26. april, dagpakkar og festmiddag om kvelden 25. april. Reise til og frå må dekkast av arbeidsstaden.

Målgruppa for konferansen er medarbeidarar, leiarar, brukarar og styremedlemmer.

Plassane på konferansen er fordelt mellom føretaka og sjukehusa. Dei som ønskjer å delta må ta kontakt med kontaktperson ved eigen institusjon. Namn på kontaktperson er oppgitt under. Desse prioriterer plassane og koordinerer påmeldingar ved den enkelte institusjonen fram til 22. mars 2018. **Vi oppfordrer tverrfaglege forbetringsteam – eller deler av team til, å melde seg på samla.** Frå 22. mars vil alle, i den grad det er plass, kunne melde seg på direkte via ei lenke som blir tilgjengelig på Helse Vest si nettside.

Kvalitetsprisen 2018

Som ein del av pasienttryggleiks- og kvalitetsregisterkonferansen blir det delt ut ein kvalitetspris. Prisen er på 100 000 kroner og eit kunstverk. Prisen går til ein eller fleire personar som gjennom forskingsarbeidet sitt har bidratt til å heve kvaliteten eller pasienttryggleiken på tenestetilbodet i spesialisthelsetenesta. Invitasjon til å nominere kandidatar kjem i eige skriv.

Stille ut poster under konferansen?

Medarbeidarar eller leiarar i Helse Vest som har gjennomført eit forbetningsprosjekt, kan dele erfaringane sine med andre ved å stille ut ein poster under konferansen. Beste poster blir premiert med ein pris på 10 000 kroner. Det er deltakerane på konferansen som bestemmer kva poster som er den beste. Vinnaren blir annonsert på konferansen. Meld inn poster til synnove.serigstad@helse-vest.no

Namn og e-postadresse til kontaktpersonar:

Oppgi namn, arbeidsstad, eventuell tilknytning til kvalitetsregister eller forbetringsteam, e-postadresse, om du treng overnatting mellom 25.-26.4 og om du vil delta på festmiddagen 25.4.

Helse Stavanger:	Karin Jensvold (karin.jensvold@sus.no)
Helse Fonna:	Elisabeth Huseby (elisabeth.huseby@helse-fonna.no)
Helse Bergen:	Gerd Gran (gerd.gran@helse-bergen.no)
Helse Førde:	Kari Furevik (kari.furevik@helse-forde.no)
Private ideelle:	(HDS koordinerer): Ingeborg Kaldefoss Fauskanger (ingeborg.kaldefoss.fauskanger@haraldsplass.no)

Vennleg helsing

Synnøve Serigstad

Seniorrådgiver

41533811

Helse Vest RHF

www.helse-vest.no



PASIENTTRYGGLIK
VÅRT ANSAR

HELSE  VEST